



Knut Olav Myklebust og Kjell Harald Tungesvik skal inn i desse husa

For kvar veke som går vert landskapsbiletet endra når nye bustader gror opp i Øvre Halsabrotet. - No er vi så langt komme med veg, vatn og kloakk at det er berre å kopla seg på, seier ein fornøgd Erlend Bjørnebøle.

Det er Brødrene Musland som har hatt gravarbeidet.

Dei to husa som reisast ved sida av kvarandre langt oppe i feltet no skal Knut Olav Myklebust og Kjell Harald Tungesvik flytte inn i om ikkje så lenge. Inger Elise Helgeland skal desssutan ha ein ny bustad. Ein tomannsbustad skal også reisast i området og den eine delen av den er seld.

Erlend Bjørnebøles mål er å få reist 34 bueiningar i Øvre Halsabrotet. Det betyr at dette er det nest største nye bustadområdet i Uskedalen - etter Ospelunden.

Dei som får sin framtidige buplass der vil få noko til felles - truleg den mest fantastiske utsikten over bygdesenteret og fjorden.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Brødrene Musland har gjort ein stor gravejobb